



Til Eksterne myndigheter

Att:

Dykkar ref..

Vår ref.

17/1500-2/17/13974

Arkivkode:


K2 - U43

Dato:

11.10.2017

## HØYRING - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL - UTVIDING/ENDRING AV AKVAKULTURANLEGG FOSSÅ, OMBOFJORDEN

Hjelmeland kommune har mottatt søknad frå Marine Harvest om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan for Hjelmeland. Søknaden gjeld utviding/ending av oppdrettslokalitet Fosså i Ombofjorden. Anlegget skal utvidast/endrast slik at det vil gå 110-160 meter utanfor avsett akvakulturområde A5 i kommuneplanen, sjå kartskisse under og i vedlagd søknad, og ut mot avsett fiskeområde FO30 i Ombofjorden.



Kartskissa viser ekst anlegg loknr 11893, og nytt rammeanlegg (blå strek), sett ift gjeldande kommuneplan akvakultur(lilla) og avsett fiskeområde FO30 (mørk blått).

Edringa består av at eksisterande anlegg blir erstatta med to rammeriggjar med 5 flytekragar i kvar. Føringsanlegget blir liggjande omtrent på same stad; mellom dei to rammene. Kvar ramme er 100 x 500 m, med 250 m avstand mellom de. Rammene vil gå hhv 110 – 160 m utanfor avsett akvakulturområde ut i fjorden, og slik ending/utviding krev såleis dispensasjon frå gjeldande kommuneplan. Ankringsanlegget mot botn er ikkje vist i skissa ovanfor, men er vist i vedlegg til søknaden. Forankringane vil òg gå utanfor avsett akvakulturområde. Mot land vil ankerfesta gå ned mot 12 m djupne, men det vil vere god passasje for småbåtar på innsida av anlegget og ingen fester i land. Det går sjøkablar under anlegget, sjå ankringsplanen. Marine Harvest grunngir søknaden ut frå både miljømessige og fiskevelferdsmessig omsyn – sjå vedlagd søknad, som òg er å finne på

[www.hjelmeland.kommune.no](http://www.hjelmeland.kommune.no). Marine Harvest har òg fremja endringa som eit innspel til revisjon av kommuneplanen, som pågår akkurat nå.

Dispensasjonsøknaden vil bli behandla av Areal-og forvaltningsutvalet i Hjelmeland som ei plan-og bygningslovasak. Vidare skal òg saka konsesjonsbehandlast jf akvakulturforskrifta av Rogaland Fylkeskommune, òg med høyring til eksterne instansar.

**Eventuelle merknader til dispensasjonssøknaden rettast til:**

Hjelmeland kommune, Plan og forvaltning, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland,  
[postmottak@hjelmeland.kommune.no](mailto:postmottak@hjelmeland.kommune.no)

**frist 1.november 2017**

Med helsing  
Plan og forvaltning

Svanhild Hjorteland Gbada  
rådgjevar arealplan

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur*

**Vedlegg:**

Dispensasjonssøknad lokalitet Fosså  
Dispensasjonssøknad Hjelmeland kommune, lokalitet Fosså  
Skisse nytt anlegg\_Fosså  
Kartskisse\_ekst og nytt anlegg ift kommuneplanen  
Ankringsplan\_Fosså